


Slik fungerer løysinga på Arsvågen – Mortavika:



På **Arsvågen - Mortavika** er det tre felt på kaianlegget. Felt 1 og Felt 3 er for kundar med AutoPASS-brikke. I desse felta er det ein bom som opnar seg om ein har gyldig AutoPASS-brikke i bilen. Det er viktig at brikka fungerer, og at den er riktig plassert. Dette er kunden sitt ansvar.

Om bommen ikkje opnar seg, køyr i manuelt felt. Billettøren i felt 2 kan sjekke om brikka er gyldig med handhaldt brikkelesar.

Kundar utan brikke må køyre i manuelt felt. Desse kundane betalar kontant eller med bankkort til billettør i billettbod.

Om brikka ikkje fungerer, må ein ta kontakt med selskapet som har utstedt brikka. Sjå www.autopass.no for kontaktinformasjon.

Verdi og storbrukarkort kan brukast til og med 31.01.2019, kundar som ønskjer å betale med ferjekort i denne perioden må køyre i manuelt felt.

Om ein har gyldig brikke og køyrer i autopassfelt vil brikke bli belasta, billettør har ikkje moglegheit til å slette belastinga på brikka.

Ved innføring av autopass blir *passasjerar gratis*.

Takstar for 2019:

T.o.m. 6,0 m	6,01 - 8,0 m	8,01 - 10,0 m	10,01 - 12,5 m	12,51 - 14,5 m	14,51 - 17,5 m	17,51- 19,5 m	19,51 - 22 m	>22m	MC
240	529	712	854	965	1110	1186	1273	1400	87